



# 2017

# Kvartalsrapport

# 3.kvartal





## Forvaltningskapital

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av september 2017 på 5.641,8 MNOK mot 5.138,5 MNOK på same tid i fjor. Dette er ein auke på 503,3 MNOK som tilsvarar 9,79%. Banken har pr. 30.9.17 eit volum på 1.361,9 MNOK i SpareBank 1 Boligkreditt AS. I tillegg har kundane våre eit volum på 158,9 MNOK i valutalån. Når ein reknar med dette, er forvaltningskapitalen på 7.162,5 MNOK. Dette er ein auke på 699,9 MNOK sidan 30.9.16. Dette tilsvarar 10,83%. Sidan nyttår er denne auken på 548,9 MNOK eller 8,30%.

## Innskot

Innskot frå kundar har dei siste 12 månadane auka med 326,6 MNOK som tilsvarar 8,85%. Sidan nyttår har vi hatt ein auke i innskot på 6,19%. Innskot frå kundar er nå 4.018,7 MNOK.

## Utlån

Utlåna har sidan september 2016 hatt ein auke på 184,9 MNOK til 4611,3 MNOK. Dette gjev ein vekst i utlåna på 4,18%. Volumet overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS har i same perioden auka med 14,41%. Vekst inklusiv boligkreditt og valutalån er da på 6,64%. Sidan nyttår viser utlånstala ein auke på 4,03% medrekna boligkreditt og valutalån.

## Driftsresultat

Resultat av ordinær drift før skatt og tap er ved utgangen av september 2017 på 97,4 MNOK. På årsbasis utgjer resultatet 2,42% av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 83,0 MNOK og 2,14% på same tid i fjor.

Etter skatt og tap har vi eit resultat på 81,5 MNOK, som utgjer 2,02% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Ved utgangen av september 2016 hadde vi eit resultat på 69,6 MNOK. Dette utgjorde 1,80% av gjennomsnittleg forvaltning. Den største endringa kjem frå utbetaling av utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS i andre kvartal i år, dette blir omtala seinare.

Netto rente- og provisjonsinntekter utgjer 79,6 MNOK. På årsbasis blir dette 1,97% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For tilsvarande periode i fjor utgjorde rente- og provisjonsinntektene 75,2 MNOK og 1,94%.

Utbytte utgjorde pr. 3. kvartal 42,0 MNOK, medan det på same tid i fjor var 22,5 MNOK. I 2. kvartal vart det vedteke at utbytte frå investering i SpareBank 1 Gruppen AS og BN Bank ASA skal kanaliseras vidare til selskapa sine aksjonærar same år som dette er vedteke. I 2. kvartal inntektsførte vi derfor utbytte på 21,7 MNOK frå Samarbeidende Sparebanker AS og 3,0 MNOK frå Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester har gått opp med 3,0 MNOK til totalt 26,9 MNOK. Av dette er 8,2 MNOK provisjonar frå SpareBank 1 Boligkreditt som er ein auke på 1,6 MNOK frå i fjor. Vi har ein auke på 0,5 MNOK i provisjonar frå plasseringsområdet, 0,4 MNOK i auke i provisjonar frå SpareBank 1 Kredittkort og 0,4 MNOK i auke frå SpareBank 1 Forsikring.

Pr. 3. kvartal 2017 hadde vi netto verdiendringar på verdipapira på 6,2 MNOK, der størsteparten er gevinst ved sal av eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Østlandet.

Lønn og generelle administrasjonskostnader har gått opp frå 42,6 MNOK i 3. kvartal 2016 til 44,8 MNOK i 3. kvartal 2017, der løn står for den største delen av auken. Andre driftskostnader er på 8,6 MNOK, som er ein auke frå 7,9 MNOK i fjor.

Sum driftskostnader utgjør 1,39% rekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,37% på same tid i fjor. Driftskostnader i prosent av driftsinntekter (ekskl. verdiendringar på verdipapir) er på 38,03%. Dette er ein reduksjon frå 44,17% på same tid i fjor. Nedgangen skuldast stor auke i driftsinntektene, spesielt frå utbytte. Dersom vi held utanom utbytte frå inntektene ser vi at vi likevel har ein liten reduksjon.

Ved utgangen av september har banken bokført tap på 2,7 MNOK. Nedskrivning på individuelle og grupper av utlån er ved utgangen av september 30,0 MNOK, og nedskrivning på garantiar er på 2,9 MNOK.


### Soliditet og kapitaldekning

Banken har ein god soliditet med ei kapitaldekning på 18,10%. Rein kjernekapital er på 16,87%. Opparbeidd overskot hittil i år er ikkje med i kapitaldekningsutrekninga.

Eigenkapitalen medrekna overskotet hittil i år er på 751,8 MNOK pr. 30.9.2017.

### Likviditet og finansiering

Vi har ein stabil og god likviditet, og LCR ved utgangen av juni er på 183%. Banken har følgjande forfallsstruktur på obligasjonsgjelda:



\*ansvarleg lån

### Utsiktene framover

Konkurransen i bankmarknaden er tøff, og vi reknar med at rentenettoen kan gå noko ned. I sommar sette vi opp renten på eit par sparekontotyper, og vi ser nå at ein av dei største bankane har sett ned lånerenten for nokre av kundane sine. Vi ser at det er noko redusert etterspørsel etter bustadlån, noko som truleg kan tilskrivast boliglånsforskriften. Vi vil vurdere dei vekstmåla vi har i samband med ein gjennomgang av strategien. Dei siste åra har vi hatt lite tap på utlån, og vi har hatt attendeføringar av gruppevise avsetningar. Utviklinga i portefølje-samansetjinga vår ser framleis positiv ut, men ein kan sjølvstund ikkje sjå bort i frå at ein kan få tap på enkeltengasjement.

Reiselivet ser ut til å ha hatt nok ein god sesong, der mange av reiselivsaktørane også har hatt ein god haustsesong. Dette er veldig viktig for området vårt, og er sterkt medverkande til den låge arbeidsløysa vi opplever.

Rekneskapen er ikkje revidert.

<b>Grunnlag kapitaldekning</b>	<b>30.09.2017</b>	<b>30.06.2016</b>
Sparebankens fond	670.389	590.133
<b>Sum egenkapital</b>	<b>670.389</b>	<b>590.133</b>
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-109.589	-100.345
<b>Sum ren kjernekapital</b>	<b>560.800</b>	<b>489.788</b>
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>560.800</b>	<b>489.788</b>
Ansvarlig lån	50.000	50.000
Fradrag for direkte og indirekte investeringer i selskap i finansiell sektor	-8.939	-26.192
<b>Netto ansvarlig kapital</b>	<b>601.861</b>	<b>513.596</b>
Risikovekta beregningsgrunnlag		
Kreditt-, motparts- og forringelserisiko	3.047.355	2.978.917
Posisjons-, valuta-, og varerisiko	-	-
Operasjonell risiko	277.276	264.879
Svekket kredittverdighet hos motpart (CVA-risiko)		288
<b>Sum beregningsgrunnlag</b>	<b>3.324.631</b>	<b>3.244.084</b>
Ren kjernekapitaldekning	16,87 %	15,10 %
Kjernekapitaldekning	16,87 %	15,10 %
Kapitaldekning	18,10 %	15,83 %

## TAP OG TAPSAVSETNINGER

<i>Tusen kroner</i>	<b>30.09.2017</b>	<b>31.12.2016</b>
Nedskrivninger på individuelle utlån	12.137	13.119
Nedskrivninger på grupper av utlån	17.861	20.941
Nedskrivning på garantier	2.893	5.400
<b>Sum nedskrivninger</b>	<b>32.891</b>	<b>39.460</b>
Endring i nedskrivninger på individuelle utlån og garantier i perioden	959	-3.817
+Endring i nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	-723	-2.357
+Amortisert tap	179	83
+Konst.tap som det tidligere år er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	3.836	8.122
+Konst.tap som det tidligere år ikke er avsatt nedskrivning på individuelle utlån for	138	1.622
Inngang på tidlegare konstaterte tap i perioden	-1.641	-613
<b>Tapskostnader i perioden</b>	<b>2.749</b>	<b>3.040</b>

## MISLIGHOLDTE LÅN OG GARANTIER

Millioner kroner

	<b>30.09.2017</b>	<b>30.09.2016</b>	<b>31.12.2016</b>
Sum misligholdte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	28,5	51,4	14,4
<b>Netto misligholdte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)</b>	<b>22,5</b>	<b>42,7</b>	<b>12,7</b>
Øvrige tapsutsatte engasjement (før nedskrivning på individuelle utlån)	20,3	47,1	55,8
<b>Netto tapsutsatte engasjement (etter nedskrivning på individuelle utlån)</b>	<b>11,3</b>	<b>34,9</b>	<b>43,5</b>

# SpareBank

## LOM OG SKJÅK



2686 LOM

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 01

2690 SKJÅK

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 35 01

2680 VÅGÅ

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 23 94 51

2660 DOMBÅS

Telefon: 61 21 90 00

Telefaks: 61 21 90 05